



Adresseliste


Saksbehandlar, innvalstelefon

Hedda Vik Askeland, 5557 2055

Høyring av søknad om anleggsarbeid i sjø for dumping av elvemassar frå Nysetelvi i sjøbotnsdeponi i Årdalsfjorden - høyringsfrist 9. februar 2026

Norconsult søker på vegne av Østfold Energi AS om løyve etter forureiningslova til anleggsarbeid i sjø for dumping av elvemassar frå Nysetelvi i sjøbotnsdeponi i Årdalsfjorden. Formålet med dumpinga er at Østfold Energi har behov for å rydde opp og fjerne eroderte elvemassar. Norconsult har i den vedlagde søknaden skildra arbeida, gjort ei risikovurdering av anleggsarbeid og føreslått avbøtande tiltak for å redusere fare for forureining.

Det skal dumpast mellom 20 000 m³ og 30 000 m³ eroderte elvemassar frå Nysetelvi etter flaumen hausten 2024. Omtrentleg sjødjupne på deponiområde ligg på 240 m. Deponiets areal er om lag 30 000 m². Massane er planlagde dumpa i sjøen ved tipping frå splittlekker.



Figur 1: Arealføremål i planlagt deponiområde og omkringliggende områder.



Forventa varigheit for dumping i sjøen er enno ikkje kjend. Norconsult har føreslått avbøtande tiltak som blant annet å unngå tiltak i sjø i periodane for oppvandring av laks (april-juni), utvandring av laksemolt (juni-juli) og gyteperioden for kysttorsk (januar-april).

Tiltaksområdet er regulert gjennom arealdelen av kommuneplanen for Årdal kommune¹. Det omsøkte deponiområdet er plassert i eit sjøområde som er avsett til «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone». Årdal kommune har vurdert at planlagt sjødeponi krev dispensasjon frå gjeldande kommuneplan.

Ber om eventuelle uttaler innan 9. februar 2026

Statsforvaltaren sender søknad om løyve etter forureningslova for dumping av elvemassar frå Nysotelvi i sjøbotnsdeponi i Årdalsfjorden til offentlege organ og styresmakter som varetar ålmenne interesser m.m.

Statsforvaltaren ber om uttale til vedlagte søknadar seinast innan 9. februar 2026. Uttaler kan sendast til sfvlpost@statsforvalteren.no, merk med referansenummer 2025/12543.

Søknaden, fleire av søknadsdokumenta og Statsforvaltaren sitt brev i saka vert gjort tilgjengeleg på Statsforvaltarens si heimeside: <https://www.statsforvalteren.no/nb/vestland/hoyringar/>.

Med helsing

Magne Nesse
senioringeniør

Hedda Vik Askeland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: søknad om løyve

Kopi til:
Østfold Energi AS
Norconsult

¹ Arealdel til kommuneplan 2011-2023 for Årdal kommune (nasjonal plan-ID: 1424_2011003).



Mottakerliste:

Bergens sjøfartsmuseum

Fiskeridirektoratet

Sør-Norges Fiskarlag

Kystverket

Årdal kommune

Mattilsynet

Postboks 185 Sentrum

Slottsgaten 3

Postboks 1502

Statsråd Evensensveg 4

Postboks 383

5804 BERGEN

5003 BERGEN

6025 ÅLESUND

6885 ÅRDALSTANGEN

2381 BRUMUNDDAL